



Kommunal- og distriktsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Fordeling av skjønsmidler til kommunane for 2026

Fordeling av skjønsmidlane

Vi viser til brev datert 24. juni d.å. og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Statsforvaltaren fordelt ramma slik:

(tal i 1000 kr)

Kommunennummer	Kommunenamn	Skjøn i kr 1000,-		Endring
		2025	2026	2026 – 25
4601	Bergen	11 300	12 000	700
4602	Kinn	10 600	9 000	-1 600
4611	Etne	1 900	-	-1 900
4612	Sveio	3 000	2 500	-500
4613	Bømlo	6 300	6 300	-
4614	Stord	4 300	5 000	700
4615	Fitjar	2 000	-	-2 000
4616	Tysnes	1 600	-	-1 600
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	-	-	-
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 900	6 400	-500
4622	Kvam	-	-	-
4623	Samnanger	-	-	-
4624	Bjørnafjorden	7 000	6 500	-500
4625	Austevoll	-	-	-
4626	Øygarden	5 000	5 000	-
4627	Askøy	4 000	5 500	1 500
4628	Vaksdal	-	-	-
4629	Modalen	-	-	-
4630	Osterøy	5 000	5 000	-



Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i kr 1000,-		Endring
		2025	2026	2026 – 25
4631	Alver	7 400	7 400	-
4632	Austrheim	1 500	-	-1 500
4633	Fedje	1 100	1 000	-100
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 300	-	-1 300
4637	Hyllestad	1 500	-	-1 500
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 400	4 600	-800
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	1 100	-	-1 100
4646	Fjaler	2 000	1 500	-500
4647	Sunnfjord	10 800	10 800	-
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	4 000	4 000	-
4650	Gloppen	2 700	2 000	-700
4651	Stryn	3 000	3 400	400
Til fordeling i budsjettåret		28 400	25 500	-2 900
SUM		139 100	123 400	-15 700

Statsforvaltaren har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 24. juni 2025
- kommuneproposisjonen for 2026
- søknader/innspeil frå kommunane
- egne vurderingar og overordna økonomiske analysar av den einskilde kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønsmidlar til kommunane auka frå kr 800 mill. i 2025 til kr 830 mill. i 2026. Ramma for Vestland er redusert frå kr 139,1 mill. for 2025 til kr 123,4 mill. for 2026, det vil seie ein reduksjon på kr 15,7 mill. frå 2025 til 2026. Departementet har om fordelt basisramma for 2026 mellom embeta, på grunnlag av talet på kommunar og innbyggjarar.

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønsmidlar

Statsforvaltaren har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:

tal i 1000 kr	2026
Ordinært gjennom statsbudsjettet	97 900
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	13 000
Midlar til fordeling i budsjettåret	12 500
Sum	123 400



I medhald av retningslinene for 2026 må minst 10 prosent av basisramma vere att til fordeling til uføresette og ekstraordinære økonomiske utfordringar i løpet av året, samanlikna med 5 prosent i tidlegare år. Dette er utanom ramma til prosjektskjøn. Ramme til fordeling i budsjettåret til uføresette hendingar, inkludert naturskade, er difor sett til kr 12,5 mill. for kommunane i Vestland.

I brevet frå departementet til statsforvaltarane er det presisert at føremålet med skjønsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er varetekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Med grunnlag i kunnskapen til Statsforvaltaren om tilhøva i kvar kommune, og i dialog med kommunane, skal det vere reelle vurderingar av behovet for skjønstilskot frå år til år. Dialogen mellom Statsforvaltaren og kommunane kan gjennomførast på ulike måtar. For kvart budsjettår skal det vere ei konkret vurdering av behovet for tildeling av skjønsmidlar.

Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av økonomien til kommunane og behov for skjønsmidlar. Skjønsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar. Vi har vurdert fordelinga på bakgrunn av den svake økonomiske utviklinga i kommunane i fjor, med netto driftsunderskot og mykje bruk av disposisjonsfond for ein stor del av kommunane. Fleire kommunar enn tidlegare har no risiko for å kome i stor økonomisk ubalanse.

Vi også vurdert følgjande omsyn:

- Sosiale kriterium
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
 - det er oppretta ei eiga sentral tilskotsordning for små kommunar som har høge eigendelar til ressurskrevjande tenester. Vi har valt å ta omsyn til høg eigendel til ressurskrevjande tenester i ei samla vurdering
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunane sitt utgiftsbehov som kan ha samanheng med
 - spreidd busetnad
 - utgifter som har samanheng med å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling i folketalet over tid
 - frie inntekter i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn landsgjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemd og havbruk



Vurdering av kvar kommune

Under følgjer informasjon og vurdering for kvar kommune, som grunnlag for tildeling av ordinære skjønsmidlar.

4601 Bergen

Etter fleire år med gode resultat, vart den økonomiske utviklinga snudd vesentleg i 2024. Bergen fekk eit netto driftsunderskot med kr 715 mill. i fjor. Auka renteutgifter, svak skatteutvikling og større utgiftsbehov er viktige årsaker.

Dei store byane har særlege store levekårsutfordringar, for ein stor del i samband med rus og psykiske lidningar. Kostnadsnøkkelen i inntektssystemet er no endra med nytt kriterium for psykiske lidningar. Kommunen har vist til at det er noko uvisst om endring i kostnadsnøkkelen er tilstrekkeleg til å kompensere dei høge utgiftene i sosialsektoren. Kommunen arbeider med målsetjing om å utjamne skilnader i oppvekstvilkåra for barn og unge. Talet på familiar med låg inntekt er aukande. Det blir arbeidd med å styrke det kulturelle og sosiale miljøet i område med opphoping av levekårsproblem.

Kommunen viser til særlege utfordringar med å ta større ansvar for tenester til personar som tidlegare har fått tenestene frå spesialisthelsetenesta.

Frie inntekter i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfondet er vesentleg redusert i 2024, i hovudsak som følgje av det store netto driftsunderskotet, og er no noko lågare enn for landsgjennomsnittet. Disposisjonsfondet må sjåast i samanheng med akkumulert premieavvik for pensjon, som er pårekna å auke i økonomiplanperioden.

Etter samla vurdering blir skjønsmidlane til Bergen auka med kr 0,7 mill., til kr 12,0 mill. for 2026.

4602 Kinn

Folketalet har i dei siste åra vore stabilt. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med språkdeling. Kommunen fekk stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2024. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruks-midlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 108 prosent av landsgjennomsnittet. Kinn kommune har svak økonomi, med disposisjonsfond under landsgjennomsnittet og svært høg lånegjeld.

Etter at kommunen vart etablert frå 2020, har det vore behov for å tilpasse tenestenivået etter nye rammevilkår. Omstillingsarbeidet blir vidareført. Kommunen har blant anna vist til at den faktiske etterspurnaden etter barnehageplassar er større enn det inntektssystemet legg til grunn. Kinn er vertskommune for Krisesenter i Sogn og Fjordane, noko som medfører ekstra oppgåver og behov for tenester. Kommunen opplyser at det er ein betydeleg auke i utgifter i samband med psykisk sjuke brukarar.

Kommunen har fått eit høgt årleg skjønstilskot etter etableringa. Vi legg framleis opp til eit høgt tilskot, men reduksjon frå kr 10,6 mill. i 2025 til kr 9,0 mill. i 2026.

4611 Etne

Kommunen har i dei seinare åra hatt eit stabilt folketal. Etne har utfordringar med trafikksikring langs vegane i kommunen. Dei lange tunnelane i Åkrafjorden fører til ekstra utgifter til brannberedskap. Frie inntekter i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 110 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har noko kraftinntekter. Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå og eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond, på gjennomsnittet for landet.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4612 Sveio

Kommunen har i dei seinare åra hatt eit stabilt folketal. Frie inntekter i 2024 korrigererte for variasjon i



utgiftsbehov er på 95 prosent av landsgjennomsnittet, med utbetalinger frå Havbruksfondet. Kommunen har eit svakt ordinært skattegrunnlag. Eigedomsskatten vart dessutan halvert i 2022 og teken heilt bort frå 2023.

Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Kommunen har vist til høge utgifter til skyss av skuleborn som følgje av trafikkfarlege vegar.

Kommunen har eit relativt stort disposisjonsfond, samanlikna med landsgjennomsnittet. Gjelda er framleis under gjennomsnittet for landet. På grunn av alder og slitasje er det nødvendig med store investeringar i bygningar i dei næraste åra. Det er investeringsbehov i brannstasjon, barnehage og administrasjonsbygg m.m. Kommunen er geografisk i to ulike regionar, både Sunnhordland og Haugalandet. Innbyggjarane finn det naturleg å nytte tenester i begge regionane. For å ivareta innbyggjarane sine interesser, betaler kommunen for deltaking i interkommunalt råd for begge regionane. Kommunen viser til at det er større etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio enn det inntektssystemet legg til grunn.

Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane reduserte med kr 500 000,- frå 2025, til kr 2,5 mill. i 2026.

4613 Bømlo

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 101 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen fekk for fjerde året på rad eit negativt netto driftsresultat i 2024. Disposisjonsfondet til kommunekassa er brukt opp. Kommunen sitt udekte meirforbruk er på kr 36,7 mill. ved utgangen av 2024, eller 2,88 prosent av sum driftsinntekter. Det er stor risiko for at kommunen kan bli registrert i ROBEK. Det er nødvendig å bygge opp disposisjonsfondet og få større driftsreserve.

Kommunen fekk eit stort netto driftsunderskot i 2024, trass i ei stor utbetaling frå Havbruksfondet. Kommunen har i dei siste åra hatt sterk auke i utgiftene til m.a. ressurskrevjande tenester, legetenester, barnevern og sosial stønad. Auka rentekostnader har også bidrege til den negative utviklinga. Innleige av vikarlegar har ført til store ekstraavgifter. Kommunen sitt meirforbruk har ført til at likviditeten er svekt, noko som medfører auka renteutgifter.

Kommunen er i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon etter den negative økonomiske utviklinga i dei seinare åra. Etter samla vurdering av økonomien, blir skjønsmidlane for 2026 vidareført med same beløp som i 2025, kr 6,3 mill.

4614 Stord

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland. Det er mange personar frå regionen som oppheld seg i kommunen og som slit med rus og psykisk helse. Kommunen har relativt høge kostnader i samband med dette. Kommunen har mange leigearbeidarar/gjestarbeidarar. Dette er viktig for næringslivet. Gjestarbeidarane gir ikkje grunnlag for personskatt og rammetilskot til Stord kommune, men dei bidreg til lokalsamfunnet gjennom kjøp av varer og tenester og anna aktivitet.

Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 97 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har svak økonomi med svært høg lånegjeld. Kommunen har fått pålegg om reinsing av avlaup, noko som vil auka investeringskostnadene og gebyr for abonnentane. Kommunen hadde eit svært stort netto driftsunderskot i 2024. Det negative resultatet i 2024 har samanheng med stor vekst i finanskostnadene, og fordi driftsutgiftene ikkje vart reduserte i tilstrekkeleg grad. Disposisjonsfondet er etter dette redusert svært mykje, til berre 0,7 prosent av driftsinntektene ved utgangen av 2024.

Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane auka med kr 700 000,- frå 2025 til 2026, til kr 5,0 mill.



4615 Fitjar

Kommunen har i dei siste åra hatt eit stabilt folketal, med noko vekst. Kommunen har fått auka eigedomsskatteinntekter som følgje av utbygging med vindmøller, og har utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 111 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond er noko under landsgjennomsnittet. Lånegjelda er relativt låg.

Kommunen viser til vesentleg auke i kostnader til barnevern frå i år. Dessutan er det vist til særlege utfordringar i samband med ressurskrevjande elevar innan oppvekstsektoren.

Kommunen får ikkje lenger småkommunetillegg då folketalet er blitt over 3200, men kommunen får frå i år distriktstilskot Sør-Noreg med om lag like mykje i årlege tilskot.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4616 Tysnes

Kommunen har hatt ei positiv folketalutvikling i dei siste åra. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 118 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har høge utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har relativt stort disposisjonsfond og framleis låg lånegjeld.

Kommunen har hatt høg formueskatt og er pårekna å få inntektstap som følgje av endringa i inntektsystemet frå 2025, med halvering av kommunal formueskatt fordelt over åra 2025 og 2026. Dessutan fell utbytteskatt bort frå 2025. Desse endringane blir ikkje teke omsyn til i overgangsordninga INGAR. Kommunen har hatt eit høgt skattenivå som følgje av havbruksnæring. Vi kan førebels ikkje sjå negative konsekvensar for kommunen sine skatteinntekter etter nemnde skatteomlegging. Dette må bli vurdert nærare etter kvart.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4617 Kvinnherad

Kvinnherad kommune har hatt eit stabilt folketal i dei seinare åra. Kommunen har mange brukarar med ressurskrevjande tenester. Kommunen er langstrakt med spreidd busetnad, som fører til høge utgifter til kommunale tenester. Kommunen har høge inntekter frå vasskraftanlegg og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov var i 2024 på 114 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen er geografisk plassert på begge sider av Hardangerfjorden, også med busetnad på øyar utan fastlandssamband. Kommunen er vertskommune for eit psykiatrisk sjukehus.

På bakgrunn av høge inntekter får ikkje kommunen skjønstilskot i 2026.

4618 Ullensvang

Etter etableringa av den nye kommunen frå 2020, har det vore eit stabilt folketal. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 148 prosent av landsgjennomsnittet. Dei høge inntektene skuldast eigedomsskatt frå kraftanlegg, naturressursskatt og andre kraftinntekter. Høge straumprisar bidrog til særlege høge inntekter i ein periode, og grunnlag for å byggje opp disposisjonsfondet. Kommunen har eit relativt stort disposisjonsfond og framleis moderat lånegjeld. Organiseringa av den nye kommunen har vore krevjande. Dei tidlegare tre kommunane var i stor grad ulike. Den nye kommunen har spreidd busetnad.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025 som følgje av bortfall både distriktstilskot Sør-Noreg og regionsentertilskot. Inntektstap blir delvis kompensert av overgangsordninga INGAR i 2025 og 2026. Kommunen vil framleis ha høge inntekter i 2026, også etter endringane i inntektsystemet.



Landskapet i kommunen er svært utsett for ras, skred og flaum. Det er behov for å setje i verk tiltak for å sikre innbyggjarane og infrastruktur som vegar, skular og bustader. Tiltak vil vere rassikring og beredskap mot flaum og ras m.m.

På bakgrunn av kommunen sitt høge inntektsnivå finn vi likevel ikkje å kunne gi ordinære skjønsmidlar for 2026.

4619 Eidfjord

Kommunen har høge kraftinntekter. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 207 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får ikkje skjønsmidlar på grunn av høge inntekter.

4620 Ulvik

Ulvik har over tid hatt ei svak utvikling i folketalet, men noko vekst i dei siste åra. Ulvik har eit godt inntektsgrunnlag med inntekter frå vasskraft. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 116 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen fekk negative resultat for 2023 og 2024. Kommunen har disposisjonsfond under landsgjennomsnittet, men ei moderat lånegjeld. På bakgrunn av eit høgt inntektsnivå får ikkje kommunen skjønsmidlar for 2026.

4621 Voss

Kommunen har hatt ei positiv utvikling i folketalet. Kommunen fekk netto driftsunderskot både i 2022, 2023 og 2024.

Kommunen har vist til økonomiske utfordringar, bl.a. stor vekst i behov innan helse- og omsorgstenester, stor vekst i utgiftene til brukarstyrt personleg assistanse (BPA), høg prosentdel eldre innbyggjarar med stor skilnad i behov for tenester, førebygging for den yngre gruppa av dei eldre er viktig, utfordringar med å vere region- og skulesenter, høge utgifter til barnevern, rekrutteringsvanskar innan fleire fagområde, vidstrakt kommune med mykje kommunal veg å vedlikehalde. Klimaskapte hendingar som ras og flaum aukar kommunen sine kostnader.

Mange turistar, skuleelevar, fritidsbustader og arrangement bidreg til å auke behovet for kommunale tenester. I samband med endringane i inntektssystemet, er kommunen sitt regionsentertilskot borte frå og med 2025. Netto driftsunderskot i fleire år gjer at kommunen sitt disposisjonsfond no er lite. Kommunen har framleis relativt moderat lånegjeld.

Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 105 prosent av landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering av økonomien, blir skjønsmidlane for 2026 reduserte med kr 500 000,-, til kr 6,4 mill.

4622 Kvam

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei seinare åra. Det er mange brukarar i kommunen med ressurskrevjande tenester. Kvam har geografiske utfordringar med risikoområde for flaum og ras. I kommunen er det ein stor del eldre innbyggjarar, også mange i aldersgruppa frå 80 år og eldre. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Kommunen har vist til særlege utfordringar i samband med skulehelsetenesta til privat vidaregåande skule med elevar frå heile landet, og stort etterslep på vedlikehald av kyrkjer m.m.

Kommunen hadde eit betydeleg netto driftsunderskot i 2024. Disposisjonsfondet er difor no i stor grad redusert, men fondet er framleis større enn for landsgjennomsnittet. Kommunen har eit høgt inntektsnivå, i hovudsak som følgje av kraftinntekter. Dessutan har kommunen inntekter frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 111 prosent av landsgjennomsnittet.

Skjønsmidlane vart tekne heilt bort for 2025 på bakgrunn av høge inntekter. Vi finn ikkje å kunne gi skjønsmidlar for 2026.



4623 Samnanger

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei siste åra. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 112 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har kraftinntekter. Kommunen har disposisjonsfond vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet, og lånegjeld under landsgjennomsnittet. Kommunen tener på endringane i inntektssystemet frå og med 2025, blant anna større småkommunetillegg.

Skjønsmidlane vart tekne heilt bort for 2025. Vi finn ikkje å kunne gi skjønsmidlar for 2026.

4624 Bjørnafjorden

Kommunen har vekt i folketalet. Bjørnafjorden har hatt ein krevjande økonomi etter samanslåinga mellom tidlegare Os og Fusa. Heilt frå den nye kommunen vart oppretta, har det blitt arbeidd med å ta ned kostnadene. Det er gjennomført betydelege innsparingstiltak, men desse har ikkje vore tilstrekkelege. Det har vore krevjande å oppnå vesentleg innsparing. Det har samanheng med geografiske tilhøve som at kommunen er delt av ein fjord. Det er vanskeleg å flytte tenester frå ein side av fjorden til ein annan, t.d. må det vere legevakt og brannstasjon på begge sider av fjorden. Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2024.

Kommunen taper på endringar i kostnadsnøkane i inntektssystemet frå 2025, og dessutan bortfall av regionsentertilskotet. Kompensasjon frå overgangsordninga INGAR dempa negativ verknad for 2025, men denne kompensasjonen blir berre gitt til Bjørnafjorden i år.

Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov i 2024 er 94 prosent av landsgjennomsnittet (98 prosent når ikkje eigedomsskatt m.m. er med i samanlikninga). Bjørnafjorden har framleis høgt disposisjonsfond, men lånegjelda er også høg. Etter ei samla vurdering blir skjønsmidlane reduserte med kr 0,5 mill., til kr 6,5 mill. for 2026.

4625 Austevoll

Kommunen har hatt noko vekt i folketalet i dei siste åra. Avstandar og kommunikasjonar tilseier at det er ekstraordinære utgifter til beredskap og ambulansetransport. Strukturendringar i skulen har ført til ekstra skuleskyss for fleire elevar. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 118 prosent av landsgjennomsnittet, som har samanheng med stor utbetaling frå Havbruksfondet i fjor. Kommunen har over tid hatt høge skatteinntekter både frå inntekt og formue, og utbetalingar frå Havbruksfondet. Samla bidreg dette til ein god overordna økonomi, med eit godt disposisjonsfond.

Kommunen er pårekna å få eit stort inntektstap frå i år som følgje av nedtrapping av kommunal formueskatt og større trekkprosent i inntektsutjamninga. Begge endringane skjer gradvis over to år. Dessutan fell utbytteskatt bort frå 2025. Desse endringane blir ikkje tekne omsyn til av overgangsordninga INGAR.

Kommunen har ikkje fått skjønsmidlar i 2024 og 2025 som følgje av høge inntekter. Vi legg heller ikkje opp til skjønsmidlar for 2026. Vi vil likevel kunne vurdere skjønsmidlar nærare i seinare tildelingar når vi ser dei faktiske verknadene av endringane i skatt og inntektsutjamning for kommunen.

4626 Øygarden

Kommunen har hatt høg folkevekst over mange år. Kommunen har ei ung befolkningssamansetjing, men det er venta ein stor auke i talet på eldre i åra framover. Kommunen ser no aukande utfordringar med fleire eldre som har behov for helse- og omsorgstenester. Det er behov for snarleg oppbygging av kapasitet innan pleie og omsorg. Den økonomiske situasjonen har vore krevjande også etter at den nye kommunen vart etablert. I dei fem åra 2020-2024 har det berre vore netto driftsoverskot i 2022. Disposisjonsfondet er vesentleg lågare enn det bør vere, og det økonomiske handlingsrommet er difor lite. Skattenivået i ny kommune er omlag 90 prosent av landsgjennomsnittet (var under i tidlegare Sund og Øygarden kommunar), slik at tilleggskompensasjon



for lågt skattenivå no er falt bort.

Skattesvikt i 2024, auka renteutgifter, større press på barnevernet og auka behov for sosialstønad, bidrog til negativt resultat i fjor.

Olje- og gassindustri er lokalisert i kommunen og bidreg til høg eigedomsskatt. Kommunen får utbetalningar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på landsgjennomsnittet. Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn i landet elles, også blant unge, og det er utfordring med fråfall i vidaregåande skule. Kommunen har ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre ønskjer bokmål for borna i skulen. Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane for 2026 vidareførte med same beløp som i 2025, kr 5,0 mill.

Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og det er framleis ei ung befolkningssamansetjing. I dei seinare åra har det vore stor vekst i dei eldre aldersgruppene i kommunen. Det må påreknast å bli ei utvikling mot ei vesentleg eldre befolkningssamansetjing. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 90 prosent av landsgjennomsnittet. Det ordinære skattenivået er svakt. Dessutan har kommunen ikkje hatt eigedomsskatt i dei siste åra.

Det er gitt pålegg om utbygging innan vatn og avlaup, som inneber investeringar i eit betydeleg omfang. Det vil vere vanskeleg å dekke dei auka kapitalkostnadene av investeringane fullt ut gjennom gebyr frå abonnentane.

Kommunen har svak økonomi med svært høg lånegjeld. Kommunen har hatt store netto driftsunderskot i 2023 og 2024, særleg i det siste året. Disposisjonsfondet er difor no vesentleg mindre enn det bør vere. Det er ein risiko for at fondet kan bli brukt opp i år. Innføring av eigedomsskatt i år og opptrapping i dei neste to åra, er eit viktig tiltak for å oppnå økonomisk driftsbalanse i åra framover. Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane auka med kr 1,5 mill. frå 2025 til 2026, til kr 5,5 mill.

4628 Vaksdal

Kommunen har over tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd og ligg difor vesentleg over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigererte for variasjon i utgiftsbehov, med 173 prosent. Kommunen har høge utgifter i samband med geografi og topografi, og mange av vegane er utsette for ras og naturhendingar. Dette gjer det nødvendig med eit høgt beredskapsnivå. Samla vurdert får ikkje kommunen skjønsmidlar for 2026 på bakgrunn av eit høgt inntektsnivå.

4629 Modalen

Kommunen har høge inntekter frå naturressursskatt, konsesjonskraft og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 204 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået gjer at kommunen ikkje får skjønsmidlar.

4630 Osterøy

Kommunen har hatt eit stabilt folketal i dei seinare åra. Ein desentralisert struktur med relativt lange avstandar gir ekstra utgifter til tenester, som t.d. heimetenester og skuleskyss. Kommunen har mykje kommunal veg, og det er etterslep på vedlikehald av dei kommunale vegane. Det er også behov for vedlikehald av kommunale bygningar. Kommunen har stor auke i behov innan psykisk helse, og høgt nivå på ressurskrevjande tenester. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får utbetalningar frå Havbruksfondet.

Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2023 og 2024 og har etter dette ikkje noko disposisjonsfond. Kommunen har i fleire år hatt svak økonomi, og situasjonen er blitt ytterlegare svekt i 2024.



Auka finanskostnader er ei av årsakene til dette. Kommunen har maksimalsatsar for eigedomsskatt, og arbeider med tiltak for å oppnå driftsbalanse både no i år og på lengre sikt. Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane for 2026 vidareført med same beløp som i 2025, kr 5,0 mill.

4631 Alver

Kommunen har hatt vekst i folketalet. Kommunen har fått høg særskilt kompensasjon for nedtrapping av eigedomsskatt frå Mongstad-anlegget, etter regelendring frå og med 2019. Det er gitt slik kompensasjon som særskilt fordeling også for 2025, som er det sjuande og siste året i overgangsperioden. Vi har førebels ikkje opplysningar om vidareføring av denne kompensasjonen. Kommunen har inntekter frå Havbruksfondet. Regionsentertilskotet fell bort frå og med 2025.

Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er noko over landsgjennomsnittet med 103 prosent. Alver har disposisjonsfond som ligg under landsgjennomsnittet.

Kommunen har hatt netto driftsunderskot både i 2023 og 2024. Ein vesentleg del av disposisjonsfondet er difor no brukt. Budsjettet for i år legg også i stor grad opp til netto driftsunderskot, slik at fondet kan bli ytterlegare redusert i år. Netto driftsunderskot var mindre i 2024 enn i 2023, noko som kan vere uttrykk for ei positiv utvikling.

Etter samla vurdering av økonomien, blir skjønsmidlane for 2026 vidareført med same beløp som i 2025, kr 7,4 mill.

4632 Austrheim

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid. Kommunen hadde relativt stort netto driftsunderskot i 2024. Disposisjonsfondet er no mindre enn det bør vere. Austrheim har utbetalningar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 111 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen tener på endringar i inntektssystemet frå 2025 og får no større småkommunetillegg, frå halvt til fullt tilskot. Kommunen har opplyst at Austrheim frå og med 2021 har hatt vesentleg auke i sosiale ytingar.

Kommunen har eit relativt høgt ordinært skattenivå på inntekt og formue, som er stabilt. På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet, men denne utviklinga har snudd til noko vekst. Fedje har utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til tenester innan fleire fagområde. Kommunen arbeider for å leggje til rette for ny næringsutvikling, med sikte på å auke sysselsetjing og skatteinntekter. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 123 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond og låg lånegjeld. Etter ei samla vurdering vil vi redusere skjønsmidlane med kr 100 000,-, til kr 1,0 mill.

4634 Masfjorden

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, blant anna bortfall av småkommunetillegget. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 142 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av kraftverksemd og havbruk, med låg lånegjeld og høgt disposisjonsfond. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønstilskot.

4635 Gulen

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i fleire år, men likevel noko vekst i det siste. Kommunen har spreidd busetnad, og lange avstandar for å yte tenester til innbyggjarane. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, blant anna bortfall av småkommunetillegget.



Kommunen har høge utbetalningar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 141 prosent av landsgjennomsnittet. Høge inntekter har gitt grunnlag for å opparbeide stort disposisjonsfond. Etter ei samla vurdering av inntekter og overordna økonomi får ikkje kommunen skjønsmidlar.

4636 Solund

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i dei siste åra. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025 som følgje av bortfall småkommunetillegget. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR for dette tapet blir gradvis trappa ned over nokre år.

Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 189 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået i 2024 skuldast i hovudsak stor utbetaling frå Havbruksfondet. Utbetalingane frå Havbruksfondet er vesentlege for kommunen. Det inneber også at dei samla inntektene til kommunen varierer mykje frå år til år. Inntekter frå havbruk har over tid lagt grunnlag for å bygge opp kommunen sitt disposisjonsfond.

Kommunen har vist til særlege utgifter til ivaretaking og oppfølging av verdifulle naturtypar.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt negativ utvikling i folketalet. Kommunen har relativt store utbetalningar frå Havbruksfondet. Disposisjonsfondet er noko over landsgjennomsnittet, og lånegjelda er under landsgjennomsnittet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 131 prosent av landsgjennomsnittet.

Det høge inntektsnivået i 2024 skuldast i hovudsak stor utbetaling frå Havbruksfondet. På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4638 Høyanger

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over tid. Kommunen har høge kraftinntekter, og også inntekter frå havbruk. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov var i 2024 140 prosent av landsgjennomsnittet. Sjølv om kommunen har høge inntekter, er disposisjonsfondet noko lågare enn for landsgjennomsnittet. Kommunen hadde betydeleg tap på avtalar for sal av konsesjonskraft i 2022.

Distriktstilskot Sør-Noreg fell bort for kommunen frå i år. Dei høge inntektene er grunnlag for at kommunen over tid bør ha god økonomi. På denne bakgrunn, legg vi ikkje opp til skjønsmidlar for 2026.

4639 Vik

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i fleire år. Vik har mange innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene. Kommunen gjennomfører ei stor investering i nytt helse- og omsorgssenter. Investeringa er viktig for å tilpasse tenestene til behovet framover. Frie inntekter i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 126 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået skuldast eigedomsskatt på kraftanlegg og andre kraftinntekter. Vik har stort disposisjonsfond, men kommunen har også svært høg lånegjeld. Gjelda vil auke ytterlegare til og med 2026 i samband med investeringa i nytt helse- og omsorgssenter.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, i hovudsak som følgje av bortfall av småkommunetillegget. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR for dette tapet blir gradvis trappa ned over nokre år. På bakgrunn av høge inntekter, legg vi ikkje opp til skjønsmidlar for 2026.

4640 Sogndal



Kommunen har hatt positiv utvikling i folketalet. Etter kommunesamanslåinga har det vore behov for å tilpasse tenestenivået etter nye rammevilkår. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerte for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 109 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond er tilfredsstillande stort, men under landsgjennomsnittet. Lånegjelda er framleis moderat.

Vekst i folketalet gjer at kommunen planlegg for auka kapasitet, både med omsyn til investeringar og driftsnivå. Det er vedteke investeringsprogram, som tek høgde for vekst, og kommunen gjer utviklings- og endringsarbeid. Netto driftsunderskot i 2024 skuldast meirforbruk, reduserte kraftinntekter og auka renteutgifter m.m. Desse tilhøva gjer situasjonen krevjande også i år.

Som ein del av endringane i inntektssystemet, fell regionsentertilskotet bort frå og med i år. Skjøns-tilskot i samband med naturskade vil bli vurdert særskilt.

Vi legg opp til å redusere skjønsmidlane med kr 800 000,-, til kr 4,6 mill. for 2026.

4641 Aurland

Kommunen har hatt eit stabilt folketal, med noko vekst i dei siste par åra. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2024 korrigerte for variasjonar i utgiftsbehovet er så høge som 189 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld. Vi legg ikkje opp til skjønsmidlar for 2026.

4642 Lærdal

Kommunen har hatt eit stabilt folketal, med noko vekst i dei siste par åra. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2024 korrigerte for variasjonar i utgiftsbehov er 116 prosent av landsgjennomsnittet. Lærdal har ein god overordna økonomi med frie driftsfond vesentleg over landsgjennomsnittet og ei lånegjeld som er moderat. Kommunen får ikkje skjønsmidlar for 2026.

4643 Årdal

Folketalet har vore stabilt, med noko nedgang over tid. Kommunen har høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Det er krevjande å rekruttere og sikre tilstrekkeleg kompetanse i kommunen sine tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og frie inntekter i 2024 korrigerte for variasjonar i utgiftsbehovet er 117 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2024, og har lite disposisjonsfond. Lånegjelda er moderat. Kommunen får ikkje skjønsmidlar på bakgrunn av eit høgt inntektsgrunnlag.

4644 Luster

Kommunen har hatt noko vekst i folketalet i dei siste åra. Luster har høge kraftinntekter. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerte for variasjon i utgiftsbehov er 124 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har god overordna økonomi med høgt disposisjonsfond og låg lånegjeld.

Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, blant anna bortfall av distriktstilskot Sør-Noreg. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR blir trappa ned over nokre år.

Kommunen får ikkje skjønsmidlar i 2026 på bakgrunn av høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerte for variasjon i utgiftsbehov er 114 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har relativt høge utbetalningar frå Havbruksfondet. Lånegjelda er noko lågare enn for landsgjennomsnittet.



Kommunen opplyser å ha busett mange flyktninger, som har vist stor grad av overgang til arbeid og utdanning. Kommunen viser til ei stor underdekning mellom kommunen sine kostnader og mottekne tilskot i samband med busetting av flyktningar.

Kommunen hadde netto driftsunderskot både i 2023 og 2024, som har redusert disposisjonsfondet. Fondet er under landsgjennomsnittet, men framleis tilfredsstillande stort.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt noko vekst i folketalet i dei siste åra. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov utgjør 106 prosent. Kommunen har høg lånegjeld. Disposisjonsfondet er om lag på landsgjennomsnittet.

Kommunen tapar på endringane i kostnadsnøklane frå 2025. På den andre sida får kommunen frå 2026 fullt småkommunetillegg, utan noko avkorting. Etter ei samla vurdering vil vi redusere skjønsmidlane med kr 500 000,-, til kr 1,5 mill.

4647 Sunnfjord

Kommunen har noko vekst i folketalet. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er for kommunen 102 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen hadde eit betydeleg netto driftsunderskot i 2024, og har no lite disposisjonsfond. Lånegjelda er relativt høg. Frå og med 2025 er det ikkje regionsentertilskot, men kommunen får distriktstilskot Sør-Noreg som eit nytt tilskot.

Kommunen arbeider med store innsparings- og omstillingsprosessar. Kommunestyret har vedteke betydeleg innsparing og omstilling framover for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Det er ei vesentleg demografisk utvikling i kommunen med færre barnehagebarn og skuleborn, og fleire eldre. Kommunen er vertskommune for mange tenester, t.d. NAV, lønskøyning, lege- og andre helse-tenester m.m. Kommunen bidreg også med støttefunksjonar og rådgiving.

Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane for 2026 vidareførte med same beløp som i 2025, kr 10,8 mill.

4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehovet er 140 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit relativt stort disposisjonsfond, og lånegjelda er moderat. Kommunen taper på endringar i inntektssystemet frå 2025, blant anna bortfall distriktstilskot Sør-Noreg. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR blir trappa ned over nokre år.

Kommunen får ikkje skjønsmidlar på bakgrunn av høgt inntektsnivå.

4649 Stad

Kommunen har hatt vekst i folketalet over fleire år. Stad er ein svært langstrakt og spreidd bygd kommune. Dette gjer det vanskeleg å etablere større sentrale einingar og med det effektivisere tenestene og drifta. Kommunen er vertskommune for helsetenester og fleire institusjonar innanfor spesialisthelsetenesta, som Helse Førde har lokalisert på Nordfjordeid. Kommunen viser til at det fører til auka behov for kommunale tenester.

Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 101 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen hadde relativt stort netto driftsunderskot i 2024. Kommunen har ved utgangen av 2024 disposisjonsfond om lag på landsgjennomsnittet. Lånegjelda er relativt høg, og det er difor ikkje rom for i særleg grad å investere og auke gjelda. Kommunen har store utfordringar med driftsbalansen i budsjett og



økonomiplan. Det er i stor grad lagt opp til bruk av disposisjonsfond i planperioden, som følge av pårekna netto driftsunderskot. Kommunen er i år blitt innmeldt i ROBES som følge av meirforbruk i økonomiplanen.

Kommunestyret har vedteke å utvide eigedomsskatt frå bustader og fritidsbustader til alle eigedomar og anlegg i heile kommunen frå og med 2026. Kommunen har brukt midlar på det nasjonale prosjektet Stad skipstunnel. Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane for 2026 vidareført med same beløp som i 2025, kr 4,0 mill.

4650 Gloppen

Kommunen har hatt eit stabilt folketal med noko vekst i dei siste åra.

Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) i 2024 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er likt med landsgjennomsnittet. Disposisjonsfondet er relativt lågt. Lånegjelda er om lag på gjennomsnittet for landet.

Kommunen har hatt vesentleg auka arbeidsløyse. Talet på heilt arbeidsledige i Gloppen er dubla samanlikna med fjoråret. Ei viktig årsak til dette er konkursen i hjørnesteinsverksemda Brødrene Aa AS i mai i år. Konkursen har ført til tap av mange arbeidsplassar og uvisse for mange innbyggjarar. Kommunen får auka etterspurnad etter NAV-tenester, auka behov for økonomisk sosialhjelp og andre tenester, og dessutan behov for meir oppfølging av familiar og sårbare grupper m.m. Nye eigarar er på veg inn og det er planlagt oppstart av ny drift av verftet.

Etter ei samla vurdering vil vi redusere skjønsmidlane med kr 700 000,-, til kr 2,0 mill. Vi vil vurdere skjønsmidlar i fordeling av attståande restmidlar for 2025 på bakgrunn av konkursen i hjørnesteinsverksemda.

4651 Stryn

Kommunen har hatt noko vekst i folketalet i dei seinare åra. Skattenivået er svakt, og dei frie inntektene er låge. Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 94 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfond er vesentleg lågare enn for landsgjennomsnittet. Lånegjelda er framleis moderat.

Kommunen har vore varsam med investeringane med sikte på å halde lånegjelda moderat. Fleire store investeringar må bli gjennomførde i dei komande åra. Flaum- og rassikring vil også krevje ressursar.

Etter samla vurdering av økonomien blir skjønsmidlane auka med kr 400 000,- frå 2025 til 2026, til kr 3,4 mill.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Synnøve Stalheim
direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent